

Vekeplan for 3.trinn

	**Veke 47**	

Mål

Norsk	Eg deltar på klasselesekurs. Eg kan skrive øveorda.
Matematikk	Eg veit at 1000 gram er det same som ein kilo. Eg gjer ein god jobb på "mattelabbens mester".
Engelsk	Eg kan seie kva klokka er på engelsk med heile klokkeslett.
Sosialt	Eg kan STOPP-regelen, og følgjer denne.

Lekser

Lekelekse	**Matematikk:** Gjer arket i leksemappa. **Øv på å skrive øveorda:** Drikkevatn, blanding, forsvinn, regn, vassdropar, lufta
Til tysdag	**Norsk:** Les lesearket som ligg i leksemappa og svar på spørsmåla. Øve på å skrive øveorda. Hugs gymklede i morgon.
Til onsdag	**Norsk:** Les lesearket som ligg i leksemappa og svar på spørsmåla. Øve på å skrive øveorda. **Matematikk:** Jobb minst 10 min på MatteLabbens mester
Til torsdag	**Norsk:** Les lesearket som ligg i leksemappa og svar på spørsmåla. Øve på å skrive øveorda. **Symjing:** Hugs symjeklede gruppe 2.
Til fredag	Les lesearket som ligg i leksemappa og svar på spørsmåla. Øve på å skrive øveorda. **Hugs vekeleksa!**
Diktat	Drikkevatn, blanding, forsvinn, regn, vassdropar, lufta

Timeplan

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.økt	Samling Matematikk	Kroppsøving	Samling Norsk	Samling/ Samfunn/Leik /Symjing gr 2	Samling Norsk
2.økt	Norsk	Norsk	Matematikk	Matematikk	Matematikk
3.økt	Norsk Livsmestring	Engelsk	Kor	KRLE	Nat/Samf
4.økt	Kunst og handverk				
Slutt	14.15	13.00	13.00	13.00	13.00

Informasjon til heimen

Utviklingssamtaler: Minner om samtaler med Mia tysdag og torsdag denne veka, og samtalar med Torill onsdag og torsdag.

MatteLabbens mester: Me er med på ein matematikk-konkurranse som heiter MatteLabbens mester i veke 46-49. Dette er svært motiverande for elevane. Dersom nokon har lyst, og får lov, kan dei arbeide med dette heime og. App.campus.no - logg inn med Feide.

Julegudsteneste: Det er 3. trinn som har ansvar for julegudsteneste i år. Datoen er sett til 15.12.26. Det vil bli ei visning for foreldre og familie om kvelden same dato.

I-pad: Hugs å sende I-paden med til skulen på onsdagen når den har vore heime i lekse. Fint om dei som har lader, kan lade når I-paden er heime. Oppdateringar er og greitt at ein tek heime.

Skifteklede: Elevane må ha ekstra skift på skulen som ligg i ein pose i garderoben. Truse, bukse og sokkar er ekstra viktig. I tillegg må dei ha innesko, regnklede og støvlar. Hugs å merke kleda!

Gymsko: Det vert gym kvar tysdag. Dette året skal dei dusje etter gymtimane. Dei skal ha med seg gymklede, sko, handkle og såpe. Elevane skal ikkje dusje håret etter gymtimane.

Symjing: Elevane startar endeleg opp med symjing! Det blir på torsdagar i 1.økt. Vi tek buss til Sivdammen kl 08.15, så dei som har symjing må møte kl 08.00. Ny lapp med symjegruppene ligg i postmappa. Det er gruppe 2 som har symjing i ein periode no.

Ta med badeklede, badehette, sjampo, kroppssåpe og handkle i ein pose/bag. Merk ALT med namn. Det er ikkje lov med symjebriller/dykkarmaske.

Vi ønsker at de øver på dusjing heime. Elevane må kunne kle av/på seg sjølv, opne og lukka såpa, såpa seg inn med sjampo i håret (ikkje balsam) og såpe på kroppen, skylja ut såpa, tørka hår og kropp, ta på badedrakt/badebukse og badehette.

Jenter: Dei må kunne børste håret og sette det i hale.

Det er óg fint om de kan snakke med eleven om at det er spesielt viktig å fylgja reglane når vi er i symjehallen.

Emil har ansvar for undervisninga og gutegarderoben. Ingrid A er med i jentegarderoben. I tillegg er det 1 badevakt i symjehallen.

Samtykke: Vi ber om at alle går inn på Visma og kryssar av på samtykke.

Me ønskjer alle ei fin veke 😊

Helsing Aleksander, Ann Jeanett, Emil, Hanna, Ingrid, Mia, Safeta, Tine, Torill

